# Fedje kommune

## Innkalling
## av
## Kommunestyret

**Møtedato:** 21.05.2019
**Møtestad:** Slissøyna/Skarvøyna i Fedje fleirbrukshall
**Møtetid:** 18:15 - 19:00

Ekstra kommunestyremøte
Eventuelle forfall må meldast til Dagrun Gunnarson per tlf. 56165107, sms til 95242371 eller per epost til dagrun.gunnarson@fedje.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

## Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 031/19 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste |
| 032/19 | Godkjenning av møtebok |
| 033/19 | Arbeidsavtale Rådmann |

15. mai 2019

Stian Herøy
ordførar

Dagrun Gunnarson
sekretær

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Dagrun Gunnarson | FE-033 | 19/246 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 031/19 | Kommunestyret | PS | 21.05.2019 |

**Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

### Saksutgreiing:

### Forslag til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Dagrun Gunnarson | FE-033 | 19/246 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 032/19 | Kommunestyret | PS | 21.05.2019 |

**Godkjenning av møtebok**

Vedlegg:
Protokoll - Kommunestyret - 23.04.2019

**Saksutgreiing:**

**Forslag til vedtak:**
Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Fedje kommune

# Møteprotokoll
# for
# Kommunestyret

**Møtedato:** 23.04.2019
**Møtestad:** Skarvøyna/Slissøyna i Fedje fleirbrukshall
**Møtetid:** 18:15 - 20:00

Nordhordland revisjon orienterte om forvaltningsrevisjon på offentlegheit og innsyn.
Sak 28/19 vart ettersend på e-post 16.04.19, og sak 29/19 vart delt ut i møtet.

| **Møtedeltakarar** | **Parti** |
|---|---|
| Marit Solbakk Øien | |
| Gidske Borge Kolltveit | Ap |
| Terje Blomvågnes | Ap |
| Erling Walderhaug | H |
| Stian Herøy | H |
| Tonje Hernar Gullaksen | H |
| Ingmar Stuberg | Krf |
| Olav Nilsen Husa | Krf |
| Roy-Asle Tungland | Krf |
| Tove Nordseth | Krf |

| **Møtedeltakarar vara** | **Parti** |
|---|---|
| Martin Karlsen | Ap |
| Inge Waage | Frp |
| Janne Tangen | H |
| Silje Sulen Gullaksen | H |

| **Forfall meldt frå følgjande medlemmar:** | **Parti** |
|---|---|
| Stian Storemark | Ap |
| Bjørn Solbakk | Frp |
| Ottar Tangen | Frp |
| Paul Gunnar Gullaksen | H |
| Torill Hermansen Horgen | H |

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**
Dagrun Gunnarson, Linda Husa, Nils Moldøen

## Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 018/19 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste |
| 019/19 | Godkjenning av møtebok |
| 020/19 | Referatsaker |
| 021/19 | Forvaltningsrevisjon offentlegheit og innsyn |
| 022/19 | Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS. Endring av selskapsavtale og ny delegering. |
| 023/19 | Innføring av nye rutinar for varsling |
| 024/19 | Revisjon av Personalplan for Fedje kommune |
| 025/19 | Revisjon av reglement for pendlartilskot |
| 026/19 | Vedtekter for SFO - revisjon 2019 |
| 027/19 | Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger |
| 028/19 | Søknad skjenkeløyve |
| 029/19 | Framlegg til vidare arbeid i sak om tilsetjing av ny rådmann i Fedje kommune |
| 030/19 | Eventuelt kommunestyre 23.04.19 |

**018/19: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

**Behandling:**

**Vedtak:**
Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**019/19: Godkjenning av møtebok**

**Behandling:**

**Vedtak:**
Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**020/19: Referatsaker**

**Behandling:**

**Vedtak:**
Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**021/19: Forvaltningsrevisjon offentlegheit og innsyn**

**Behandling:**

**Vedtak:**
Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar. Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten sine tilrådingar. Innan 1. oktober 2019 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten vert/skal følgjast opp.

Samrøystes vedteke.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**022/19: Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS. Endring av selskapsavtale og ny delegering.**

**Behandling:**

**Vedtak:**
Fedje kommune slutter seg til revidert selskapavtale og revidert stiftingsdokument for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS i samsvar med vedlegga i saka.

I medhald av Hamne- og farvasslova av 17.04.2009 nr. 19, §10, vert mynde som Fedje kommune har etter Hamne- og farvasslova, delegert til Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, med verknad frå 01.05.2019. Delegeringa gjeld og bestemmelser gjeve i medhald av lova.

Frå Fedje kommune blir følgjande valde som medlem og varamedlem til representantskapet i BOH IKS: Medlem: Ordførar. Varamedlem: Varaordførar.

Samrøystes vedteke.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**023/19: Innføring av nye rutinar for varsling**

**Behandling:**

**Vedtak:**
Fedje kommune vedtek nye varslingsrutinar slik dei ligg føre.

Samrøystes vedteke.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

**024/19: Revisjon av Personalplan for Fedje kommune**

**Behandling:**

**Vedtak:**
Personalplan for Fedje kommune får følgjande endringar:

Varsling, s. 20. Heile punktet vert bytta ut med følgjande tekst: *Varsling er når ein tilsett eller tidlegare tilsett som har vore vitne til ulovlege , uetiske eller kritikkverdige handlingar på arbeidsplassen, varslar om dette til personar eller instansar som har moglegheit til å endre på forholdet. Fedje kommune har varslingsrutinar for den som vil varsle, og den som mottek varsel, som ligg vedlagt personalplanen.*

Sjukefråværsoppfølging s.18, avsnitt 5 vert endra til følgjande:
*Fedje kommune jobbar for eit Inkluderande Arbeidsliv og følgjer intensjonane og reglane i avtalen, inkludert rett til utvida eigenmelding tom avtalen sin slutt 31.12.2022. Arbeidet med Inkluderande Arbeidsliv skal drøftast mellom nærmaste leiar/plasstillitsvalde på dei lokale arbeidsplassane i mai/juni kvart år og i drøftingsmøte på rådmannsnivå på slutten av året.*

Permisjon for tiltreding av stilling hjå anna arbeidsgjevar, s. 15, overskrift og 1.avsnitt vert endra til:
*Permisjon*
*Fedje kommune ser positivt på at dei som er tilsett i Fedje kommune kan få permisjon utan lønn, t.d. for tiltreding av stilling hjå anna arbeidsgjevar. Målet er at dei tilsette skal få ny inspirasjon og kompetanse dei kan ta med tilbake til Fedje kommune.*

Permisjon/frikjøp tillitsvalde, s. 16, får følgjande tillegg:
*Sjå elles vedlegget «Oppsummering av tillitsvaldordninga i Fedje kommune 2017»*

Samrøystes vedteke.

---

## 025/19: Revisjon av reglement for pendlartilskot

**Behandling:**

**Vedtak:**
Reglement for pendlartilskot i Fedje kommune vert som følgjer:

1.Ordninga for pendlartilskot gjeld for dei som bur fast på Fedje og pendlar fast minst 1 dag i veka. Det er ein føresetnad at ein kan dokumentere reelle utgifter til pendling på førespurnad.
2.Årleg tilskotsum vert fastsett av kommunestyret i budsjetthandsaminga og vert avkorta etter talet på dagar ein pendlar pr veke.
3.Søknad skal sendast etterskotsvis og innan 30.06. og 30.11. kvart år. Søknader som kjem etter søknadsfristen vert ikkje handsama.
4.Førstegangssøkjarar må leggje ved stadfesting på arbeidsforhold eller studieplass. Endringar i arbeidsforhold/studieforhold må dokumenterast.
5.Fedje kommune skal ha melding om fråver på meir enn 2 veker (gjeld ikkje fråver på grunn av ferie). Fråver ut over 2 veker fører til forholdsmessig trekk i pendlartilskotet.

I tillegg vert det , som einskildhøve, opna opp for at søkjarar som pendla fast til studie hausten 2018 kan søkje innan 9.mai 2019 om å få dekka pendlarutgifter for hausten 2018.

Samrøystes vedteke.

---

## 026/19: Vedtekter for SFO - revisjon 2019

**Behandling:**
<u>Felles endringsframlegg (tillegg til formannskapet si innstilling):</u>
Punkt 4a: Ekstra setning til slutt: Om det er tinga tidleg-SFO kan andre born og nytte tilbodet dersom det er bemanning til det.
Punkt 4c: Ekstra setning til slutt: SFO kan og samarbeide med barnehagen og nytte areala der.
Punkt 4g: Ekstra setning på byrjinga: SFO har sommaropent, og samarbeidar med barnehagen i sommarferie. Borna i SFO skal ha tre veker samanhengande sommarferie i skuleferien.
Punkt 7: Siste avsnitt: Om ikkje plassen vert sagt opp, er plassen tildelt fram til siste SFO-dag i det skuleåret barnet er ferdig i 4.klasse. Nytt SFO-år startar etter tre siste heile veker i juli.
Punkt 8: Vert endra til: Kommunestyret fastset foreldrebetaling. Gjeldande prisar skal publiserast på Fedje kommune sine heimesider. Kommunen, ved rådmann, står for innkrevjing. Det vert gjeve søskenmoderasjon: 30% på born nr 2, 50% på born nr 3. Det vert gitt moderasjon i tråd med reglane for redusert foreldrebetaling i barnehagen. Fedje kommune,ved rådmannen, kan og ilegge gebyr når borna ikkje vert henta til avtalt tid. Gebyret vert ilagt for kvar påbyrja halvtime. (Med dette utgår punkt 4 e)

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.
Tove Nordseth (Krf) bad om utsetjing av punkt 4g. Utsetjinga vart vedteke med 9 mot 5 røyster. Erling Walderhaug (H), Inge Waage (Frp) og Arbeidarpartiet sine tre representantar røysta mot utsetjingsframlegget.
Dei andre endringsframlegga vart vedteke samrøystes.

**Vedtak:**
«Vedtekter for skulefritidsordninga i Fedje kommune» vert vedteke slik dei ligg føre med følgjande endringar:
- stryke setninga "Dette opptaket definerer tilbodet for det påfølgjande skuleåret" i punkt 6.

Punkt 4a: Ekstra setning til slutt: Om det er tinga tidleg-SFO kan andre born og nytte tilbodet dersom det er bemanning til det.
Punkt 4c: Ekstra setning til slutt: SFO kan og samarbeide med barnehagen og nytte areala der.
Punkt 7: Siste avsnitt: Om ikkje plassen vert sagt opp, er plassen tildelt fram til siste SFO-dag i det skuleåret barnet er ferdig i 4.klasse. Nytt SFO-år startar etter tre siste heile veker i juli.
Punkt 8: Vert endra til: Kommunestyret fastset foreldrebetaling. Gjeldande prisar skal publiserast på Fedje kommune sine heimesider. Kommunen, ved rådmann, står for innkrevjing. Det vert gjeve søskenmoderasjon: 30% på born nr 2, 50% på born nr 3. Det vert gitt moderasjon i tråd med reglane for redusert foreldrebetaling i barnehagen. Fedje kommune,ved rådmannen, kan og ilegge gebyr når borna ikkje vert henta til avtalt tid. Gebyret vert ilagt for kvar påbyrja halvtime. (Med dette utgår punkt 4 e)

Samrøystes vedteke.

---

**027/19: Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger**

**Behandling:**

**Vedtak:**
1.Fedje kommune vedtek at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
2.Fedje kommune vedtek samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

Samrøystes vedteke.

---

**028/19: Søknad skjenkeløyve**

**Behandling:**
Felles endringsframlegg: Kommunestyret gjorde nokre endringar i teksten til rådmannen, for å klargjere skjenketidene.
Endringsframlegg frå Stian Herøy (Høgre):
4. avsnitt vert endra til: Løyvet gjeld frå 24.04.2019. Styrar for løyvet er Jostein Husa. Kommunen fråviker krav om avløysar i tråd med alkohollova § 1-7 c på grunn av skjenkestaden sin storleik og lengden på løyvet.
Det vart røysta først over rådmannen stt framlegg til vedtak. Framlegget falt med 0 mot 14 røyster.
Det vart så røysta over Herøy sitt endringsframlegg ti vedtak. Framlegget vart vedteke med 13 mot 1 røyst. Tove Nordseth (Krf) røysta mot framlegget.

**Vedtak:**
Jostein Husa får skjenkeløyve i Pernillekafeen DA frå 24.04. – 04.08.2019 med skjenketid for all alkoholholdig drikk inne og utandørs for gruppe I og II måndag – torsdag og sundag kl.12.00 – kl.22.00 og fredag – laurdag kl.12.00 – kl.24.00, utanom at skjenketida for alkohol under 22% utandørs vert set til kl.22.30 fredag og laurdag.

For alkoholgruppe III vert skjenketida inne måndag – torsdag og sundag kl.13.00 – kl.22.00 og fredag – laurdag kl.13.00 – kl.24.00.

Det er også eit krav om at skjenkestaden skal ha fast meny eller á la carte.

Løyvet gjeld frå 24.04.2019. Styrar for løyvet er Jostein Husa. Løyvet gjeld frå 24.04.2019. Styrar for løyvet er Jostein Husa. Kommunen fråviker krav om avløysar i tråd med alkohollova § 1-7 c på grunn av skjenkestaden sin storleik og lengden på løyvet.

Skjenkeløyvet til Pernillekafeen DA vert inndrege frå og med 24.04.2019.

---

## 029/19: Framlegg til vidare arbeid i sak om tilsetjing av ny rådmann i Fedje kommune

**Behandling:**
Ordførar fremma forslag om å lukke møtet, i tråd med kommunelova § 31 punkt 5, på grunn av opplysningar som kan unntakast offentlegheit etter offentleglova § 23 og § 25.
Kommunestyret inviterte inn dei to HTVane som har vore med i prosessen, HTV Fagforbundet og HTV Utdanningsforbundet.
Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**
Kommunestyret ønskjer å tilby Gjermund Hagesæter stillinga som rådmann i Fedje kommune, og ber formannskapet om å forhandla fram ein arbeidsavtale som vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning.

Vedteke med 12 mot 2 røyster. Martin Karlsen (Ap) og Terje Blomvågnes (Ap) røysta mot framlegget.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 030/19: Eventuelt kommunestyre 23.04.19

**Behandling:**
Tonje Sulen Gullaksen (H) spurte om status på oppfølging av ekstern vurdering av Fedje sjukeheim, utgreiing av gratis SFO og barnehage, og kva situasjonen er med NAV i forhold til kommunestyret sitt vedtak om ein kontordag pr veke på Fedje.
Rådmannen svarte at arbeidet med vurderinga av sjukeheimen er starta opp. Gratis barnehage og SFO er under arbeid, rådmannen håpar å få saka til politisk handsaming før sommaren. Rådmannen orienterte om status vertskommunesamarbeidet NAV Fensfjorden.

Inge Waage (Frp) bad om at kommunale gjerde rundt planta skog vert fjerna. Han spurte og om tømmestasjon for bubil og båtar. Ordførar svarte at det er planar på det i samband med Fab nr 8. Han spurte om dei som er med i arbeidsgruppa for ny rådmann får møtegodtgjersle. Ordførar svarte at det i så fall måtte vedtakast når ein sette ned arbeidsgruppa.

**Vedtak:**
Ingen vedtak under ymse.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Nils Moldøen | FE-411 | 19/144 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 033/19 | Kommunestyret | PS | 21.05.2019 |

**Arbeidsavtale Rådmann**

Vedlegg:
Rådmann Søkjarliste
Framlegg til vidare arbeid i sak om tilsetjing av ny rådmann i Fedje kommune . K-sak 029-19
Framlegg til arbeidsavtale

### Saksutgreiing:

**Bakgrunn**
I kommunestyret 23. april i år, kunne arbeidsgruppa som hadde fått i oppdrag å finna kandidatar til stillinga som rådmann, presentera si innstilling for kommunestyret (sjå vedlagt sak 029/19). Etter ein omfattande prosess der mange var tekne med på råd om kva krav og forventningar me burde stilla til kandidatane, vart utlysingsteksten forma ut.

Det kom inn 12 søknader der éin trekte seg undervegs (sjå vedlagt søkjarliste), og 4 kandidatar vart invitert til intervju. Etter den runden var 6 av 7 medlemer av arbeidgruppa klar til å konkludera.

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak:
*Kommunestyret ønskjer å tilby Gjermund Hagesæter stillinga som rådmann i Fedje kommune, og ber formannskapet om å forhandla fram ein arbeidsavtale som vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning*. (Vedteke mot to stemmer).

På formannskapsmøte 7. mai 2019 gjennomførte formannskapet forhandlingar med Gjermund Hagesæter om ein arbeidsavtale. Avtalen er ein standardavtale som KS tilrår, der løn, samt vervet Hagesæter har i Noregs Bank er lagt inn.

Vert forslaget til arbeidsavtale godkjent av kommunestyret, kan Hagesæter ta til i stillinga 1. september 2019.

**Vurdering**

Folkehelse
Miljø
Økonomi

**Konklusjon**
Utan å ta det med i vedtaket, kom representantar i kommunestyret 23.04.2019 med ein del synspunkt på rammene for arbeidsavtalen. Forslaget som no vert lagt fram for godkjenning, er

innafor desse rammene.

**Forslag til vedtak:**
Kommunestyret godkjenner arbeidsavtalen med Gjermund Hagesæter som rådmann i Fedje kommune.

**Fedje kommune. Søkjarliste Rådmann .**

Søknadsfrist : 20. mars 2019. 11 søkjarar.

| **Namn, alder og stad** |
|---|
| Ivar Edmund Vatten, 54 år, rådgiver, Indre Fosen kommune |
| Arild Tjelle, 53 år, programme manager, Nesset kommune. (for tida Lima, Peru) |
| Dagrun Gunnarson, 46 år, personalleiar og leiar fellestenester. Fedje kommune |
| John-Haakon Wendt, 58 år, avdelingsleder personal, Stavanger kommune |
| Peter Flinch, 42 år, daglig leder, Tysvær kommune |
| Gjermund Hagesæter, 58 år, informasjonssjef, Bergen kommune |
| Remi Nilsen, 42 år, økonomisjef, Vang kommune |
| Bjarte Villanger, 35 år, økonomisjef, Fedje kommune |
| Kvinne, bedriftsrevisor, 29 år, Fjell kommune |
| Mann, rådmann, 55 år, Nord-Norge |
| Knut Helge Rønning, 60 år, Nesodden kommune |

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Stian Herøy | FE-411 | 19/144 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 029/19 | Kommunestyret | PS | 23.04.2019 |

**Framlegg til vidare arbeid i sak om tilsetjing av ny rådmann i Fedje kommune**

### Saksutgreiing:

**Bakgrunn**

På kommunestyremøtet 28.juni 2018 gjorde følgjande vedtak – 046/18:

*Kommunestyret vedtek at det vert sett ned ei arbeidsgruppe frå formannskapet samt ein representant frå dei uavhengige og to frå dei tillitsvalde til å styre prosessen fram til tilsetjing av ny rådmann i Fedje kommune. Gruppa skal i kommunestyremøtet 25.september 2018 leggja fram ein plan for framdrift i saka. Det fell naturleg at ordføraren vert leiar for gruppa. (Vedtaket vart gjort mot Ap sine tre røyster).*

Arbeidsgruppa hadde første møte 12.09.18. Rådmannen har vore med som sekretær i gruppa heile tida. Seinare er personalsjef i Lindås kommune, Helge Erik Tangen, teken med i arbeidsgruppa.

Frå tidleg haust vart det sett i gang ein prosess blant tilsette og dei politiske partia der ein vart bedne om å svare på spørsmåla: Kva krav stiller me – og kva forventningar har med til den nye rådmannen? Det kom fram særs mange interessante innspel som danna grunnlag for arbeidsgruppa sin utlysningstekst.

**Vurdering**

Det kom inn 12 søknader innan fristen. Ein av søkjarane trekte seg etter få dagar. Det kom og inn ein søknad etter fristen. Denne søknaden vart avvist.

Arbeidsgruppa inviterte 4 kandidatar til intervju 16. og 17.april. Konklusjonen til gruppa etter den runden, er at 6 medlemmer vil innstilla 1 kandidat til rådmannsstillinga: Gjermund Hagesæter. Dersom me ikkje skulle klara å få ein avtale med han, innstiller ein på ei 2.gongs utlysning.

Mindretalet på 1 person i arbeidsgruppa meiner at ein bør gå vidare med to søkjarar: Gjermund Hagesæter og Kjetil Skjeie. Å gå vidare inneber at ein gjennomfører ein kartleggingstest gjennom DISC-Work of Leaders, og i etterkant eit 2.gongs intervju.

Meir om kandidatane

Gjermund Hagesæter:

- Oppvaksen i Hjelmås i Lindås kommune, 58år, gift, to vaksne born, ønskjer å busetje seg på Fedje.
- Utdanna jurist og bedriftsøkonom, har jobba 7 år i Lindås kommune som ass. helse- og sosialsjef og som juridisk konsulent
- Han har vore stortingsrepresentant frå Hordaland i fire periodar frå 2001
- Har i dag to deltidsjobbar: informasjonssjef i datasenterbedrifta Kryptovalut AS og partnar i kommunikasjonsbyrådet Panor Public Affairs

Kjetil Skjeie:

- Oppvaksen i Hordaland, 56år, gift, to born på 16 og 17år.
- Utdanning: Bachelor i rekneskap og revisjon
- Rådmann i Løddingen kommune sidan 2015. Har framforhandla avtale om å fråtre 1.mai 2019, om kommunestyret godkjenner avtalen. Har tidlegare vore adm.dir. i fleire transportselskap frå 1999 til 2015.

Folkehelse – ikkje relevant.
Miljø – ikkje relevant.
Økonomi – ikkje relevant.

**Konklusjon**
Kommunestyret ønskjer å tilby Gjermund Hagesæter stillinga som rådmann i Fedje kommune, og ber formannskapet om å forhandla fram ein arbeidsavtale som vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning.

## Forslag til vedtak:
Kommunestyret ønskjer å tilby Gjermund Hagesæter stillinga som rådmann i Fedje kommune, og ber formannskapet om å forhandla fram ein arbeidsavtale som vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning.

## Kommunestyret - 029/19

## K - behandling:
Ordførar fremma forslag om å lukke møtet, i tråd med kommunelova § 31 punkt 5, på grunn av opplysningar som kan unntakast offentlegheit etter offentleglova § 23 og § 25.
Kommunestyret inviterte inn dei to HTVane som har vore med i prosessen, HTV Fagforbundet og HTV Utdanningsforbundet.
Samrøystes vedteke.

## K - vedtak:
Kommunestyret ønskjer å tilby Gjermund Hagesæter stillinga som rådmann i Fedje kommune, og ber formannskapet om å forhandla fram ein arbeidsavtale som vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning.

Vedteke med 12 mot 2 røyster. Martin Karlsen (Ap) og Terje Blomvågnes (Ap) røysta mot framlegget.

# ARBEIDSAVTALE

# MELLOM

# FEDJE  KOMMUNE

# OG

# GJERMUND HAGESÆTER

**Arbeidsforholdet reguleres for øvrig av andre sentrale lover og avtaler i kommunal sektor samt lokale avtaler inngått med hjemmel i Hovedtariffavtalen, lokale avtaler og tilsettings- og personalreglementet for Fedje kommune.**

**En leder i Fedje kommune skal utøve en atferd forankret i kommunens arbeidsgiverpolitikk, verdigrunnlag og ledelsesprinsipper.**

**Vedlagt nærværende lederavtale følger det til enhver tid gjeldende:**

- **Arbeidsreglement**
- **Etiske retningslinjer**
- **Permisjonsreglement**
- **Årlige resultat- og utviklingsplan**

1. **Arbeidsavtalens parter**

Denne avtale er inngått mellom Fedje kommune (heretter også kalt arbeidsgiver) og Gjermund Hagesæter (heretter også kalt arbeidstaker).

2. **Tiltredelse – Arbeidssted - Prøvetid**

Gjermund Hagesæter tilsettes i fast stilling som rådmann med tiltredelsesdato 1.9.2019.

For stillingen gjelder en prøvetid på 6 måneder jf. aml § 15-6. Dersom arbeidstakeren har vært fraværende fra arbeidet i prøvetiden, kan arbeidsgiver forlenge den avtalte prøvetiden med en periode som tilsvarer lengden av fraværet. Arbeidsgiver må skriftlig orientere arbeidstakeren om eventuell forlengelse innen utløpet av prøvetiden.

Rådmannen har fast kontorsted for tiden på kommunehuset. Det må imidlertid påregnes noe reisevirksomhet. Arbeidsstedet kan endres ved behov.

3. **Stillingsbeskrivelse**

Rådmannen er kommunens øverste administrative leder, jf. kommuneloven § 23. Kommunestyret eller den/de kommunestyret måtte utpeke utfører arbeidsgiveransvaret overfor rådmannen. For tiden er dette formannskapet.

Rådmannen har ansvaret for at administrasjonen i kommunen til enhver tid fungerer hensiktsmessig.

Stillingen innehar for øvrig det ansvar og de arbeidsoppgaver som overordnet myndighet til enhver tid tillegger stillingen.

4. **Feriebestemmelser**

Ferie og feriepenger i henhold til ferielovens og Hovedtariffavtalens bestemmelser.

5. **Arbeidstid**

Ordinær arbeidstid for administrasjonen er i henhold til hovedtariffavtalen 37 ½ time pr uke med daglig arbeidstid fra kl. 08.00 til kl. 15.45 (vintertid) og 08.00 til klokken 15.00 (sommertid). Rådmannen er omfattet av kommunens fleksitidsordning med unntak for avspaseringsordningen. Rådmannen er ikke omfattet av arbeidstidsbestemmelsene i arbeidsmiljøloven § 10-12 nr. 1.

Det utbetales ikke tillegg for overtid og ubekvem arbeidstid, jf. HTA kap. 1 pkt. 6.3. Imidlertid gis det inntil 10 dager ekstra fridager pr år som kompensasjon for merarbeid og møtevirksomhet utenfor vanlig arbeidstid, jf. HTA kap. 1 punkt 6.3 siste avsnitt.

## 6. Lønn

Gjermund Hagesæter avlønnes med kr. 1 020 000,- pr år.

Lønnen utbetales den 12. i hver måned. Ved feil utbetaling skal feilen rettes umiddelbart og ved for mye utbetalt kan kommunen foreta trekk i lønn.

Lønnen er gjenstand for årlige forhandlinger etter HTA kapittel 3 punkt 3.4.1 første gang ved utløpet av prøvetiden.

## 7. I tillegg til dekning av lønn dekkes utgiftene til:

- Mobiltelefon i tråd med kommunens regulativ
- Bredbånd i heimen
- Pensjon i henhold til kommunens pensjonsordning. Fra lønn trekkes 2 % tilskudd som arbeidstakerens andel.
- Bruk av egen bil i arbeids medfør dekkes i henhold til statens reiseregulativ.

## 8. Egenutvikling/faglig ajourhold

Arbeidsgiver plikter å legge forholdene til rette for Gjermund Hagesæter sitt faglige ajourhold og kompetanseheving. Dette skal inngå som en del av kommunens samlede plan for gjennomføring av kompetansehevende tiltak. Det skal i denne sammenheng gis permisjon med rett til lønn i henhold til HTA punkt 14.2.

## 9. Næringsvirksomhet, verv og bistillinger

Rådmannen kan ikke uten skriftlig samtykke fra arbeidsgiver drive egen næringsvirksomhet, påta seg lønnede styreverv, annet lønnet arbeid, eller andre verv, som kan få betydning for arbeidsforholdet/arbeidsytelsen eller trekke rådmannens habilitet i tvil. Fedje kommunestyre er kjent med at Gjermund Hagesæter for tida er medlem av den faste komité og representantskapet i Noregs Bank og at dette betyr opp mot 10-12 møter i Oslo kvart år. Fedje kommune og Gjermund Hagesæter er samde om at det blir foretatt trekk i lønn for dei dagane dette gjeld.

## 10. Taushetsplikt

Rådmannen skal bevare taushet om det han får kjennskap til av taushetsbelagte opplysninger i forbindelse med tjenesten eller arbeidet, jf. forvaltningsloven § 13 flg.

## 11. Samtykke til offentliggjøring av visse personopplysninger

Gjermund Hagesæter samtykker i at Fedje kommune publiserer utdrag av CV med bilde, samt kontaktinformasjon som e-postadresse, telefonnummer etc. på kommunens hjemmeside på internett.

## 12. Ledersamtale, årlige resultat- og utviklingsplaner

Med bakgrunn i politiske vedtatte styringsdokumenter, krav fra eksterne myndigheter og vurdering av ledelse og tjenesteproduksjon, skal det hvert år innen utgangen av januar lages en skriftlig resultat- og utviklingsplan mellom arbeidsgiver og rådmann som dateres og undertegnes av begge parter og skal være en integrert del av denne avtale. Det skal gjennomføres minst to oppfølgingssamtaler med politiske arbeidsgiver i løpet av året. Det utarbeides et skriftlig årlig evalueringsdokument som unntas offentlighet og som blant annet vil være en del av evalueringsgrunnlaget for de årlige lønnsforhandlinger etter HTA kapittel 3 punkt 3.4.

## 13 Prosedyre for drøfting av manglende samsvar mellom krav/forventninger og innfridde resultater

Dersom en situasjon med manglende resultatoppnåelse oppstår, skal drøfting av dette skje i to faser.

**Fase 1**
- Rådmannen blir gjort oppmerksom på arbeidsgivers vurdering
- Rådmannen får anledning til å orientere om situasjonen
- Det avtales en konkret plan for utvikling av forbedringsområdene
- Det iverksettes månedlige eller oftere oppfølgingssamtaler mellom arbeidsgiver og rådmannen

**Fase 2**
- Dersom fase 1 etter å ha vedvart inntil 3-6 måneder – ikke, etter arbeidsgivers vurderinger, fører til at resultatene samsvarer med forventningene, aktiviseres punkt 14.

## 14. Konsekvenser av manglende resultatoppnåelse

Dersom en situasjon med manglende resultatoppnåelse oppstår og partene ikke er enige om at årsaken ligger utenfor rådmannens innflytelsesområde skal følgende alternativer drøftes:
- Retrettstilling hvor lønnsfastsettelsen tar utgangspunkt i grunnlønn
- Avvikling av ansettelsesforholdet
- Overgang til alderspensjon/AFP

Partene er i så fall enige om følgende alternativer med mindre annet avtales:

A Avvikling av ansettelsesforholdet
  - Avvikling skal skje innenfor en periode på 6-9 måneder

- I avviklingsperioden skal i tilfelle arbeidsgiver ønsker det, rådmannen tre til side for at det skal kunne innsettes en konstituert rådmann og at stillingen kan utlyses
- Rådmannen vil normalt ha arbeidsplikt i avviklingsperioden. Fritak for arbeidsplikten kan vurderes for hele eller deler av avviklingsperioden dersom det er ønskelig for begge parter

B Omplassering i annen egnet stilling

- Arbeidsforholdet i Fedje kommune opprettholdes, men at en finner frem til en ny stilling i kommunen som partene mener vil være tjenlig.
- Lønnsfastsettelse i tilfelle omplassering skjer etter nærmere avtale på det tidspunkt det eventuelt blir aktualisert, og skal avspeile den nye stillingens arbeids- og ansvarsområde. Lønnen kan likevel ikke settes lavere enn 85 % av grunnlønnen.

C Overgang til alderspensjon/AFP

- Fra det tidspunktet Rådmannen fyller vilkårene for å gå av med alderspensjon/AFP er partene enige om at dette er et alternativ til A eller B.

## 15. Etterlønn

Uavhengig av og alternativt til dennes avtale punkt 14 fraskriver Gjermund Hagesæter seg med dette sine rettigheter etter arbeidsmiljøloven kapittel 15 mot etterlønn ved fratreden, jf. aml § 15-16. Ved kommunestyrevedtak om å iverksette etterlønnsavtalen fratrer rådmannen sin stilling umiddelbart mot en etterlønn med mindre partene avtaler noe annet. Ved avskjed etter aml § 15-14 kommer ikke dette punktet om etterlønn til anvendelse.

Hvis rådmannen går over i annen stilling i kommunen, motregnes dette i etterlønnen. Det samme gjelder eventuelle konsulenthonorarer eller annen type inntekt fra kommunen i etterlønnsperioden.

Avtalt etterlønn er 12 måneders lønn etter fratreden. Det løper ingen oppsigelsestid ved fratreden mot etterlønn.

Dersom dette punktet om etterlønn kommer til anvendelse skal begge parter søke å bidra til at avviklingsprosessen skjer på en konstruktiv måte basert på gjensidig respekt og på en måte som ikke svekker Fedje kommune eller Gjermund Hagesæter sitt omdømme utad.

Ved oppsigelse i prøvetiden jf avtalens punkt 2, gjelder de ordinære oppsigelsesreglene i arbeidsmiljøloven herunder krav til saklig grunn etter aml § 15-6.

## 16. Oppsigelsesfrister

Oppsigelsesfristene er i henhold til HTA kapittel 1, pkt 3.2 satt til 3 måneder med mindre lengre oppsigelsesfrist følger av arbeidsmiljøloven § 15-3.

Ved fratreden er arbeidstakeren forpliktet til å tilbakelevere alt materiale som tilhører Fedje kommune, og som arbeidstakeren i ansettelsestiden måtte være kommet i besittelse av. Det kan ikke utøves tilbakeholdsrett i noe materiale som er kommunens eiendom.

**17. Offentlighet**

Arbeidsavtalen og de økonomiske betingelsene i denne er offentlige. Offentlighet i denne sammenheng medfører likevel ikke at avtalen legges ut på kommunens hjemmeside.

Denne avtale er utferdiget i 2 eksemplarer hvorav partene beholder ett hver

…………, den _______________ 2019

___________________________ ___________________________

Ordfører Rådmann